



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2023

66. årgang



Dei heilage tre kongane tilbed Jesusbarnet.

Detalj frå eit vakkert og fargerikt altarskåp frå 1480, som stammar frå ei eldre kyrkje i Brekke, og som no er lagra på Bergen museum (meir på s. 8)

Foto: Bergen museum

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST:**

Øystein Skauge, vikarprest.

Tlf. 900 51 359.

[oystein.skauge@gmail.com](mailto:oystein.skauge@gmail.com)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/****FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

[bodil.bjorlo.takle@enivest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@enivest.net)

Nestleiar: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 [haugena@online.no](mailto:haugena@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Neste nummer av bladet kjem i mars.

Innleveringsfrist: **20. februar 2024.**

No går vi jule- og nyttårshelga i møte med eit samstemt ønske om fridom og rettferd for alle som har det vondt – ute og heime.



## Info frå kyrkjevevja

**Kontortid i jula:**

Kyrkjekontoret er stengt i jula, frå **22.12. til 02.01**. Men dersom det gjeld noko som hastar, som ved dødsfall, kan både kyrkjevevja og sekretær kontaktast på telefon. Legg gjerne igjen ei melding om vi ikkje tek telefonen med ein gong.

**Kontortid i januar 2024:**

Kyrkjevevja skal delta på ein tur som Bjørgvin bispedømme arrangerer i januar. Turen går til vennskapskyrkja vår på Cuba, som sokna i Gulen følgjer opp gjennom ofringar. I etterkant av turen vil Ingunn bidra med temakveldar o.l. for å fortelje om prosjektet.

I perioden **16.-31. januar** vil kontorsekretær Margrethe Skåden ta seg av arbeidet på kyrkjekontoret. Merk at ho har kontordag på tysdagar og torsdagar. Er det noko som hastar, kan ho nåast på mobil også utanom kontortid.



Foto: AT

## **Biskopens juleandakt: Ei strime av von**

*Av biskop Ragnhild Jepsen*

Djupt i mennesket ligg vona.

For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der, er usikre på om det er ei framtid der – vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel – framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause.

Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og vi har ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått, men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med. Og vi kjenner oss slitne.

Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så er det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane.

Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege.

Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik:

*Det er ein menneskeleg ting å falle.  
Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.*

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samtundes som han kom med oppreisning og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, – dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son, og med stjerne-tydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har voner for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss: I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir født, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit

nyfødt barn kjem von – om det så berre er ei lita strime.



Foto: pixabay.com

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von.

Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida då vi feirar at vona vart gjeven til verda.

I den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har ei kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman.

Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi har til felles:

Å vere barn. Å vere menneske.

Å vere avhengige av andre.

Å sørgje, å kjenne glede.

Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt.

Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie.

Jula er den mest løfterike av alle høgtider.

Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

*Ragnhild Jepsen*

## Takk for god innsats gjennom 4 år i Gulen kyrkjelege råd/fellesråd!

På siste møtet i det «gamle» Gulen kyrkjelege fellesråd 24.10.23, stilte gjengen opp til fotografering i Krossteigen.

Frå venstre: Ingunn Sognnes, Mina Andreassen, Halldis Steine, Anne Evjenth Ytreøy, Åse Haugen, Herfinn Takle (vara for Einar Takle) og Kåre Krakhella. Kommunal representant Odd Harald Eide hadde forlate møte før fotografering.



Foto: Øystein Skauge

Dette har vore første perioden med eitt felles sokneråd for alle tre sokna i Gulen; kalla **Gulen kyrkjelege råd**.

Dei tre sokna har hatt kvar sine sokneutval, som har teke seg av meir praktiske oppgåver i kvar si kyrkje.

Dei har mellom anna sett opp lister over klokkarar og kyrkjevertar og kome med forslag til kva ofringane skal gå til.

Dei har også bidrege med praktisk tilrettelegging ved konfirmantunder-

visning, konsertar og lokale arrangement der kyrkja har vore medverkande.

Dei to første åra var prega av korona og tiltak som avgrensa aktiviteten lokalt, og det var avgjerande med eit godt samarbeid både for gjennomføring og endring av planlagde aktivitetar.

**Gulen kyrkjelege fellesråd**, der også kommunal representant er med, har med denne modellen fått god innsikt i utfordringar og behov for opprusting ved kyrkjene og gravplassane i Gulen. Nokre av møta har blitt lagde til ei av kyrkjene, både med tanke på synfaring og oppfølging, og for å sjå sluttresultat av igangsette prosjekt. I perioden er det gjennomført naudsynt vedlikehald, men òg sett i verk nye tiltak i alle sokna.

Dei som sit i fellesrådet, tek med innspel og forslag frå sokneutvala og held dei orienterte om det som skjer. Aktiviteten i sokna når det gjeld kyrkjeleg verksemd er litt ulik, men talet på gudstenester er tilnærma likt. På kvart møte er det sett opp ein bolck der det blir gitt ei lita orientering frå kvart sokn, noko som både gir innsikt og høve til utveksling av gode idear.

## Velkomen til dei nye rådsmedlemene!

No ønskjer vi dei nyvalde rådsmedlemene velkomne, og inviterer til eit godt samarbeid til beste for kyrkja og kyrkjene i Gulen!

### **Gulen kyrkjelege råd/fellesråd:**

Leiar: Bodil Bjørlo Takle

Nestleiar: Åse Haugen

### **Mjømna sokneutval:**

Leiar: Mina Andreassen

Nestleiar: Anne Evjenth Ytreøy

### **Gulen sokneutval:**

Leiar: Heidi Rosseland-Færestrand

Nestleiar: Sigrun Haveland

### **Brekke sokneutval:**

Leiar: Renate Sætre

Nestleiar: Line Sætre



Dette er det nye **Gulen kyrkjelege råd**. Frå venstre: Magny Jorunn Eggum Berg, Jan Helge Kristensen, Åse Haugen, Anne Kristine Evjenth Ytreøy, Mina Andreassen og Bodil Bjørlo Takle. *Foto: Ingunn Sognnes*

## **Kurs for sokneråda**

Torsdag 23.11. var sokneråda i Gulen, Masfjorden, Solund og Modalen samla til kurs i Bålen grendahus.

I Gulen har vi berre eitt sokneråd, men alle som sit i eit lokalt sokneutval, var inviterte. Kurset tok for seg oppgåver, forventningar og arbeid i sokneråda, og det var gode diskusjonar rundt borda. Kurshaldarar var Geir Endre Kristoffersen og Jens Meyer frå bispedømet.

## Steinkrossen som stod ved Brekke kyrkje

Jacob Neumann, biskop i Bergen stift 1822-1848, var ein mann med mange interesser. Ikkje minst var han interessert i historie og arkeologi.

På dei mange visitasreisene sine såg han etter kva som måtte finnast frå eldre tider i bygdene, og skreiv ned det han fann.

I 1835 skreiv han i eit tidsskrift som vart utgjeve av Bergen Museum, at det stod ein steinkross ved Brekke annekskyrkje i «Eivindvigs Præstegjeld». Han opplyste om måla på denne krossen, og me skjønar at dette må ha vore hovudet på ein knekt kross.

Neumann hadde ein god ven i ein annan embetsmann i Bergen: Wilhelm Frimann Koren Christie, særleg kjend som ein sentral person under Noreg sine forhandlingar med svenskane hausten 1814, og for å ha stifta Bergen Museum.

Christie var i Brekke i 1842, og skreiv dette i tidsskriftet som var utgjeve av Bergen Museum: «*Paa Kirkegaarden ved Brække Kirke staar et Steenkors, igjennem hvilket der er et Hul, just der hvor Armene og Stammen løbe mot hinanden. Det er ca. 1 ¼ Alen bredt tvers over Armene, og omtrent lige saa høit over Jorden*».

Eg kjenner ikkje til andre som har skrive eller fortalt at det for 180 år sidan stod ein knekt steinkross i Brekke, men i eit lager på Universi-

tetsmuseet i Bergen ligg altså restane etter denne steinkrossen, slik vi kan sjå på fotoet under.



Foto: Universitetsmuseet

Museet fekk krossen i siste halvdel av 1800-talet, men dei veit ikkje kvar han er komen frå.

Dei som har granska krossane på Vestlandet, er sikre på at dette er den steinkrossen som stod ved Brekke kyrkje, fordi måla og det runde holet i midten stemmer med skildringane til Neumann og Christie. Etter forma på krosshovudet er krossen klassifisert som engelsk type. Høgda over marka kan ha vore 1,6-1,7 meter. Då har ein gått ut frå breidda over armene og sett på andre krossar av engelsk type, og kva høgde dei har i høve til breidda over armene.

Det er lite truleg at krossen har stått ved Brekke kyrkje frå først av. Det er sparsamt med skriftlege kjelder frå mellomalderen, men det synest nok så sikkert at det er Haugland som har

vore eldste kyrkjestaden i bygda, og at det er der krossen opphavleg kan ha stått. Kyrkja på Haugland stod tett ved ein av dei store gravhaugane der.

Gravhaugane er eit tydeleg vitnemål om at det har vore ei odelsbondeætt i bygda. Denne odelsbondeætta kan ha stått bak både krossen og den første vesle kyrkja på Haugland. Slike ætter hadde som regel samla seg opp eit jordegods som vart drive av leiglendingar, og hadde rikdom og høg rang i samfunnet.


Men før kross og kyrkje kom, har det truleg vorte vigsla ein kristen gravstad ved den store haugen på Haugland. Eitt av påboda i kristenretten som biskop Grimkjell og Olav Haraldsson la fram på Mostratinget kring år 1020 (1000-årsjubileum på Moster i 2024), var att alle skulle gravleggast i vigsla jord. Kristenretten vart teken inn i Gulatingslova og dei andre landsdelslovene.

Odelsbondeætta eigde jorda, og det må ha vore dei som ville at ein vigsla gravplass skulle ligge ved ætta sitt gamle gravområde på Haugland.

Kanskje hadde dei ei tid gravlagt sine døde på kristen vis i dette området. Me veit sjølvsagt ikkje kvar krossen opphavleg stod, men gravplassen på Haugland verkar mest sannsynleg. Seinare – kanskje i siste halvdel av 1000-talet – vart det truleg sett opp ei lita kyrkje på gravplassen; - ei kyrkje som etter ei tid måtte forbeistrast eller byggast opp att, fordi kyrkjene som var oppsette på 1000-talet, vart bygd med jordgravne stolpar og stod ikkje

så lenge.

Her er ei skisse av korleis krossen kan ha sett ut då han var heil.



*Teikning: Bjarne Tveit*

Eg tek med eit sitat av arkeolog Irene Baug til slutt: «Fleire av dei store frittstående steinkrossane er plasserte på kyrkjegardar frå mellomalderen – slik som krossen frå Brekke kan ha vore. Det er mogeleg at slike krossar vart brukte i samband med utandørs gudstenester før det vart bygd kyrkje på staden». (Frå Baug sin artikkel «Lavik som kyrkjestad i mellomalderen», i boka «Lavik kyrkje 150 år».

I siste nummer av det årlege soge-

skriftet til Brekke Sogelag, «På Flua 2023», har eg skrive meir detaljert om krossen, og det er teke med litt om gravhaugområdet på Haugland. Der er òg tilvisingar til kjelder.

*Bjarne Tveit*

## Litt om det gamle altarskåpet frå Brekke



*Altarskåpet med begge dørene opne. Den utskorne madonnafiguren med Jesusbarnet står i midten. Dei fire felta på dørene viser Maria som møter Elisabeth, Jesu fødsel, Dei heilage tre kongane (sjå framsida av bladet) og Jesus i tempelet.*

*Foto: Bergen Museum*

Altarskåpet stod i soknekyrkja for Brekke sokn i mellomalderen.

Dette var ei stavkyrkje, som i jorboka «Bergens Kalvskinn» er kalla «Kirkian j Risnafirdi».

Opplysningane i denne boka vart henta inn ei tid før svartedauden i 1349, og i tillegg til Risnefjord kyrkje er også Haugland kapell nemnt.

Dei fleste tolkar setninga der kyrkjene er nemnde, slik at det var to kyrkjer i bygda på denne tida, og at soknekyrkja må ha stått i Brekke, truleg ikkje så langt frå noverande kyrkestad.

Svartedauden halvte folketalet i landet, og etterfølgjande pestepidemiar heldt folketalet nede i 150 år. 18 kyrkjer og 7 kapell vart lagde ned i gamle Sygnafylket og Firdafylket i denne perioden, og Haugland kapell var truleg mellom desse.

Altarskåpet er laga i Tyskland ca. 1480. Mariafiguren i skåpet er svært vakker.

Skåpet er utstilt i kyrkjekunstavdelinga på Universitetsmuseet i Bergen, men per i dag er heile Kulturhistorisk museum stengt for publikum fordi dei er i gang med totalrenovering.

Det er nærast utruleg at altarskåpet framleis eksisterer. Etter reformaasjonen i 1536/37 skulle alle slike ting destruerast. Såleis gjorde bergensbiskopen Jens Schelderup i 1570-åra eit kraftig utspel for å få fjerna alle «Affgudiske Billeder og Stytter udi Kirkerne».

Kanskje har skåpet ei tid vorte ståande i den gamle stavkyrkja etter at det vart bygd ny kyrkje i 1591, for stavkyrkja vart ikkje riven før i 1690-åra.

I 1835 skreiv biskop Jacob Neumann i tidsskriftet for Bergens Museum: «I Brekke Annexkirke henger i Choret et Altarskab, liigt det, som det Bergenske Musæum har faaet fra Gravens Kirke (Granvin kyrkje) i



Hardanger.»

Til slutt i avsnittet skriv han:

«Dette Altarskab har Kirkens Eier, Provst J. Daae, Sognepræst til Fanø (Fana), lovet at give til det Bergenske Musæum».

*Bjarne Tveit*

## Klokkar i over 40 år



*I over 40 år har Aage Sandal vore klokkar i Gulen kyrkje. No har han gått over i pensjonistane sine rekkjer. Han meiner yngre krefter må få sleppe til, men han er også villig til å stille opp som frivillig når det høver seg slik. Takk for trufast teneste, Aage! Foto: AT*

Til kyrkjelydsbladet seier Aage det slik:

- Eg vil takke Gulen kyrkjelyd for at eg har fått vere klokkar i Gulen kyrkje i over førti år. 1. august 2023 hadde eg min siste arbeidsdag i denne tenesta. Det har vore ei god tid, og eg

har mange fine minne som eg vil sjå attende på med glede.

Som tilsett i kyrkja har eg møtt mange interessante og gode menneske - biskopar, prestar, musikarar - som eg har hatt fine og innsiktsfulle samtalar med. Det har vore lærerikt, og eg vil takke både lek og lærd.

Men det som har betydd mest, det er at eg i alle desse åra har vore med som deltakar i alle gudstenestene, i salmesongen, i rituala dåp og nattverd. Stoppestader og kraftkjelder på livsens veg som gjev oss trøst og håp på vandringa mot mysteriet og den himmelske gleda.

Eg ynskjer kyrkja i Gulen og Den norske kyrkja alt godt, og vonar at ho framleis kan vere ein vegvisar mot «Det lova landet».

Sjølv om talet på kyrkjegjengarar har minka gjennom åra, vil kyrkja og kristendomen alltid vere aktuell for meg. Eg ser på livet som ei reise frå fødsel til grav, og at livet er den gáva vi har fått for å vekse i ånd og sanning. Viss livet i det heile skal ha ei meining, må det vere dette: At vi gjennom livets stridar og prøvingar veks til å bli mogne og medfølande menneske som freistar å gjere rett og skil for oss og vere Kristi medarbeidarar. Dette er eit ideal, ei leiarstjerne, men vi veit alle at som menneske har vi motsetnader i oss, drifter og instinkt som både er positive og negative, og i møte med desse, gjeld det alltid å vise måtehald og fornuft. Gudstenestene får meg til å reflektere over liv og død. I kvar gudsteneste er

det eit ledd om syndserkjenning. Her blir vi minte om vår eigen skugge, våre egoistiske tankar, misunning og manglande medkjensle. For meg er det viktig å tenkje over dette. Det å innrømme og forstå kva slags krefter som ligg i botnen av vår psyke, kan vere avgjerande for korleis vi er mot andre menneske. Historia har vist at mennesket kan heve seg opp mot guddommelege høgder og kjenne på ein himmelsk fryd, men at det også kan vere den vondaste skapning på jorda. Det at vi forstår at vi har ei slik spennvidde i vår sjel, vil medføre at vi ikkje så lett dømer våre medmenneske. Og veit vi at vi «sårar Gud med tankar, ord og gjerningar», så kan vi lettare kontrollere dei fordi vi har vorte klar over deira eksistens. Ser vi på oss sjølve som berre gode, heilage og rettferdige, ja, då ligg dømmesjuka på lur, og «du ser flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje» (Matt.7,3). Eg føler at det er viktig at vi tek slike tankar inn over oss, men då utan å overdrive i sjølvfornekt og sjølvforakt.

Tilgjeving er sentralt i den kristne læra. Og den finn vi mellom anna i nattverden. For meg er nattverden eit sentralt rituale som gjev livet både retning og håp. For mange er nattverden eit sakrament som er vanskeleg å sjå meininga med. Men det finst gode tolkingar som gjer at ein heilhjarta kan vere nattverd gjest. Gjennom alle dei åra eg har vore klokkar, har eg vore vitne til at barn

har vorte døypte. Eg synest dåpsritualet er meiningsfullt i og med at vi gjennom dåpen får Den heilage ande. Dåpen er, slik eg ser det, ei handling som fortel at vi er Guds barn, at vi har Gud i djupet av vår psyke. Og at vi har, som mystikarar i vår europeiske tradisjon har hevda – ein gudegnist i vårt indre. Med dåpen gjev det meining å hevde at vi er guddommelege, og at vi har del i Den tredje person i guddommen: Den heilage ande.

Sjølv om Gud er tilstades i vår sjel, i vår psykiske totalitet, - og det kan opplevast – så kan vegen dit vere lang og vanskeleg. Filosofen Nietzsche hevda på slutten av 1800-talet at Gud var død, han var ikkje lenger tilstades i vårt medvit, i vår bevisstheit. Sanninga i Nietzsches profeti om at Gud var død, viste seg til fulle i det 20. århundret med to verdskrigar, marxistisk ateisme, kvelande nazisme med påfølgjande folkemord. I dag er det materialismen som er den leiande ideologien, og heller ikkje her er det plass for nokon gud. Med slike livssyn, der det ikkje er rom for paradokset, for under og det såkalla overnaturlege. Utan Gud og framtidsvon vert livet meiningslaust for mange. Eit liv der makt og prestisje med sosial klatring og spreining av sine gener som det viktigaste. Eit slikt liv er ikkje tilfredsstillande nok for meg. Vi må finne att Gud. Vi må opne opp for den indre reisa til det lova landet. I kyrkja og i den kristne tradisjonen har vi dei hjelpemidla vi treng på

denne ferda. Med sunt vit og kjærleg samarbeid med Den treeinige Gud er målet innan rekkevidde. Gjennom bøn og tilbeding vil vi merke at det er Nokon der. Så får vi håpe Guds kjærleik vil ta oss inn i det himmelske tilveret, og at Guds nåde gjeld alle menneske.

*Aage Sandal*



*- Oss pensjonistar imellom .... Her er «gamleklokkaren» Aage i ivrig samtale med «gamleorganisten» Kristofer Tveit under kyrkjekaffien etter ei gudsteneste i Gulen kyrkje. Desse to karane har samarbeidd svært godt. Mellom anna hadde dei i alle år jobben med å telje opp offerpengane etter kvar gudsteneste i kyrkja. Og i eit julenummer som dette, kan det passe ekstra godt å minne om kva som skjedde med offerpengane julaftan 1999. Då eksisterte det ikkje noka vindtett pengeoverføring som heitte VIPPS – eller kanskje gjorde det det? Kan hende var det nettopp den metoden Vårherre prøvde seg på den gongen? Foto: AT*

## **Offerpengane som blés bort**

Julaftan 1999 var det eit skikkeleg ruskevêr – mørkt, surt og vindfullt,

men likevel var det utruleg mange som møtte opp i finstasen på gudstenesta om ettermiddagen. Sokneprest Berit Bjørnerud leia gudstenesta på sin fine måte, kyrkjelyden song dei gamle og kjære julesongane av hjartans lyst, og dei la raust med myntar og setlar i offerskåla. Kirkens Nødhjelp skulle støttast, då som i dag. No var folk på veg ut i mørket og regnet for å kome seg heim til jule-ribba og gåvehaugen så fort som råd. Kyrkjjetenar Andrid Baarøy ringde jula inn frå galleriloftet, og klokkar og organist sessa seg rundt bordet i prestesakristiet for å telje opp offerpengane.

Etter kvart låg sirleg opptalde setlar i bunkar på bordet, stablar av myntar hauga seg opp, og offersummen blei notert.

Det var då det skjedde. Med eit brak bles vinden opp hovud-dørene i kyrkja, som siste passerande nok ikkje hadde late godt nok att etter seg. Vinden føyste inn gjennom kyrkjekipet og pressa opp både døra inn til sakristiet og døra derifrå ut på kyrkjegarden. Og som ei veldig hand feia gjennomtrekken duken halvvegs av bordet. Myntstablane kollapsa, og VIPPS! så flaksa setlane for alle vindar – også ut gjennom den opne utedøra. Klokkar og organist reagerte lynraskt og kasta seg over rømlingane. Mestparten fanga dei opp inne, men diverse setlar blei sankar saman ute i ettermiddagsmørket; éin her og éin der innimellom gravsteinane.

Teljekorpset kunne ta til på nytt, men

denne ettermiddagen kunne dei konstatere at offersummen til Kirkens Nødhjelp hadde ein manko på hundre kroner.

Veka etter fann kyrkjetenar Andrid rømlingen, som hadde lagt seg godt til ro innved kyrkjemuren. Og dermed blei det ein lukkeleg utgang på historia om offerpengane som blés bort julaftan i år 1999.

Marit/Anne



## Eit barn er født – i krig

Nett no er vi til stades i Ukraina, Gaza/Palestina og Sudan, der barn blir fødde i bomberegnet og angrep.

Millionar av menneske er på flukt og har mista håpet, sine kjære og alt dei eig. Vi syter for nødhjelp der behova er størst, og deler ut vatn, varme teppe og hygieneartiklar.

Du kan vere med og redde liv og gi barna ei framtid.

## Kirkens Nødhjelp sitt juleønske:

Vi ønskjer oss ei fredelegare verd.  
Vi ønskjer oss ei lysare framtid for alle som opplever vald, krig og urett.  
Vi ønskjer oss reint vatn til dei 771 millionar menneska som manglar det.  
Vi ønskjer oss at alle barn skal ha same moglegheiter og rettar same kvar dei blir fødde i verda.  
Vi ønskjer oss at ingen skal leve på flukt, i krig, i fattigdom eller svolt.  
Vi ønskjer oss ei meir rettferdig verd for alle som lever her i dag, og for dei som kjem etter oss.

## Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- VIPPS eit valfritt beløp til 2426.
- Send GÅVE på sms til 2426 og gjje 300 kr.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



## Solbarn, jordbarn

### Salme nr. 26 i Norsk salmebok:

*Solbarn, jordbarn,  
bak din tynne hud  
stråler mot oss  
kjærighet fra Gud.  
Refr.:*

*Hør oss, se oss,  
Stjernebarn, stig ned,  
så jordens barn i alle land  
finner julens fred.*

*Flyktning, krigsbarn,  
hjemløs og forlatt,  
Misbrukt, skadet i den dype natt.  
Refr.*

*Glemt barn, skremt barn  
med sitt såre sinn,  
ingen merker tåren på dets kinn.  
Refr.*

*Bortskjemt, ensomt  
barn som vil ha mer,  
Trosbarn, Guds barn, håper, venter, ber.  
Refr.*

*Håpsbarn, fredsbarn,  
Barn fra evighet,  
vis hvert jordbarn himlens herlighet.  
Refr.:*

*Hør oss, se oss,  
Stjernebarn, stig ned,  
så jordens barn i alle land  
finner julens fred.*

(Tekst: S.E.Murray.  
Omsett av Eyvind Skeie)



## **Blå Kors**

Mange barnefamilier går ei tøff tid i møte.  
Fleire gruar seg til jul.

Blå Kors er klare for å hjelpe, og treng all støtte dei kan få.

I over 100 år har Blå Kors jobba med oppvekst, avhengigheit og inkludering. Blå Kors hjelper familiar som strevar, og tilbyr behandling, rettleiing og gode opplevingar.

**Slik kan du støtte:**  
**VIPPS: 13130 (valfritt beløp)**  
**Bankkonto: 32015274165**



Foto: Alværa

## **Mariahelg på Alværa** **- ei helg for å koble av og koble på**

Vi er i gang med planlegging av neste Mariahelg, og sender no ut eit lite førevarsel, så de kan sette av helga **9.-10. mars 2024**. Denne gongen tenkjer vi frå laurdag føremiddag ca. kl. 11.00 til søndag etter middag.

**Tematime:** Laurdag vert det tema-time: *Gå aldri åleine*. Tematimen vil vere knytt til ei bok av Stian Kilde Aarebrot med tittelen *Gjøre. Høre*. Praktisk bibelbruk.

- *Gå aldri åleine* burde vere kristen-vettregel nr. 1, seier han i boka si.

- Å tru åleine er som å halde liv i eit bål som består av éin vedkubbe.

Vi har òg fått med oss Sølvi Hopland, musikal og fyrvertinne på Ulvesund fyr. Håpar at også ho blir med på gudstenesta søndag. Som vanleg blir det god tid til prat, aktivitetar, tur, festkveld laurdag og gudsteneste søndag. Pris: Ca. 1.500,-

Komiteen arbeider vidare med fleire planar for helga. Meir informasjon om program og påmelding kjem seinare.

*Helsing komiteen, Greta Gard Endal,  
Cathrine Waage Tveit og Anne  
Nilssen Magerøy*

## Prestetenesta i Gulen

Som kjent har ikkje Gulen fast tilsett prest for tida. Øystein Skauge er vikarprest i 60 % stilling, og med god hjelp av prestane Torbjørn Sæle i Masfjorden og Bjørn Magne Hansen i Solund så går det bra. Men sjølvsagt ynskjer vi å få tilbake prest i fast teneste, og stillinga blir lyst ut i januar. Med søknadsfrist og oppseiingstid m.m. så ser vi ikkje for oss at det kjem ny prest før etter sommarferien. Det er stor mangel på prestar for tida, så det blir spennande å sjå om nokon søker seg til Gulen. - Kanskje kjenner du nokon som kan vere aktuelle? Øystein har ikkje lova å vere lenger enn til påske, så etter det må prostten finne andre løysingar. Men uansett så skal vi greie å handtere denne situasjonen, og alle kan vere trygge på at vi skal få gjennomført både gudstenester og andre seremoniar i kyrkja.

*Ingunn Sognnes*



*Arkivfoto frå 2019*

## Adventsverkstad

**Risnehall søndag 10. desember:**

Kl. 13: Adventsverkstad

Kl. 15.30: Gudsteneste

## Julekonsertane

**Mjømna kyrkje** hadde sine julekonsertinnslag søndag 03.12. kl.16.30, med andakt av Øystein Skauge.

**Brekke kyrkje:**

Laurdag 16.12. kl.16.00.

**Gulen kyrkje:**

Søndag 17.12. kl. 16.00.



## Julefest i Brekke bedehus

Det blir julefest i Brekke bedehus

**Onsdag 28. desember kl. 15.30.**

Julebuffet og gang rundt juletreet.

Alle er velkomne!

*Brekke kr. ungdomslag*

## Vår varmaste takk

Vår varmaste takk for all omtanke, blomsterhelsingar, kransar, bærebukettar og gode ord i anledning vår kjære Marie Haugen sin bortgang. Takk til Nordhordland begravelsesbyrå, prest Øystein Skauge, organist Peter T. Jobbagy og solist Kjersti M. Wiik for ein verdig og vakker seremoni.

Hjarteleg takk for pengegåva til Ytre Gulen sanitetslag.

*Varm helsing frå familien*

## Ein varm takk

Ein varm takk til alle som fylgde vår kjære Torbjørn Kristian Sørensen til grava. Takk for blomster og varme kondolansar. (Gravlagd på Lindås)

*Familien*

## Takk

Takk for all omtanke i samband med Jon Artur Molde sin bortgang og gravferd. Takk for blomehelsingar og minnegåver. Takk til prest Øystein Skauge og organist Peter Tiborc Jobbago. Takk for fin song av Elise og Anne Britt Molde. Takk til Sunnfjord Gravferdsbyrå for god hjelp og støtte. Takk til alle som følgde han i gravferda.

*Helsing*

*Laila, Terje og Else med familier*

## Nytt frå kyrkjelydane

**Døypte:**

**GULEN SOKN:**

**05.11.23:** Ulrik Nicolaisson Lihaug.

**BREKKE SOKN:**

**29.10.23:** Matheo Engesæter.

**Døde:**

**BREKKE SOKN:**

**11.10.23:** Ivar S. Haugland, f. 1935.

**MJØMNA SOKN:**

**27.10.23:** Arlinda Tormis Eidsnes, f. 1947.

**GULEN SOKN:**

**23.10.23:** Tor Njøten, f. 1958.

**24.10.23:** Kåre Straume, f. 1941.

## Endra gudstenestetidspunkt i Brekke og Gulen julaftan

For å få gudstenestekabalen til å gå opp på julaftan, har prostens foreslått å endre gudstenestetidspunkta for Gulen og Brekke. Lokalt har ein slutta seg til dette. Som kyrkjeverje Ingunn seier: Det er betre med endra tidspunkt enn å ikkje ha gudsteneste på julaftan.

**Mjømna** har si gudsteneste som før oppsett, **kl.11.00**, v/Øystein Skauge.

**Gulen:** Gudsteneste **kl.13.00** v/Øystein Skauge. **Brekke:** Gudsteneste **kl.15.30** v/Per Byrknes, tidlegare regionleiar i Misjonsambandet.

## Kyrkjekalenderen



**10.12.,** 2. søndag i advent:

**Risnehall:** Adventsverkstad kl. 13.00.

**Gudsteneste kl. 15.30** v/Øystein Skauge.

**Tysdag 12.12.:** Skulegudsteneste

**Brekke kyrkje kl. 09.00.** v/Ø.Skauge

**Laurdag 16.12.:**

**Brekke kyrkje kl. 16.00:** Julekonsert.

**17.12.:** 3. s. i advent:

**Gulen kyrkje kl. 16.00.** Julekonsert.

**Onsdag 20.12.:**

**Gulen kyrkje kl. 12.00:** Seniorgudsteneste v/Øystein Skauge. Ope for alle.

**Brekke bu- og omsorgssenter kl.**

**16.00:** Seniorgudsteneste v/Øystein Skauge. Ope for alle.

**24.12.:** 4.søndag i advent/Julaftan:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Gulen kyrkje kl. 13.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Per  
Byrknes. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**25.12.,** Juledag:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: NMS.

**26.12.,** Andre juledag:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kirkens bymisjon.

**31.12.,** Nyttårsaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 23.00** v/Per Byrk-  
nes. Midnattsgudsteneste.  
Offer: Redd Barna.

**21.01.:** 3. søndag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Øystein  
Skauge. Offer: Haraldsplass samtale-  
senter.

**11.02.:** Fastelavnssøndag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer.

**Laurdag 17.02.:**  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Samtalegudsteneste  
for konfirmantane. Offer: Kyrkjelyds-  
arbeidet. Konfirmantfest i Byrknes  
bedehusapell etterpå.

**18.02. og 25.02.:** Ikkje gudsteneste.

**03.03.,** 3. søndag i fastetida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Misjonsprosjektet i

Mali. Deltakarar frå Tårnagent.

**10.03.,** 4. søndag i fastetida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Øystein  
Skauge. Offer: Misjonsprosjektet i  
Mali.

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Øystein  
Skauge. Offer.

**24.03.,** Palmesøndag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00.** Offer.

**28.03.,** Skjærtorsdag:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00**  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**29.03.,** Langfredag:  
**Gulen kyrkje kl. 18.00.** Ikkje offer.

**31.03.,** Påskedag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00**  
Offer: Søndagsskuleforbundet.

**01.04.,** 2. påskedag:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00**  
Offer: Stiftelsen Barnevakten.  
**Brekke kyrkje kl. 19.00.** Offer.  
Kveldsmat i Brekke bedehus etter  
gudstenesta.

## Konfirmasjonane

**Mjømna kyrkje laurdag 27.04.**  
**kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Gulen kyrkje laurdag 04.05.**  
**kl. 11.00** v/Torbjørn Sæle.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Brekke kyrkje laurdag 11.05.**  
**kl.11.00** v/Bjørn Magne Hansen.  
Offer.

